



Hordaland fylkeskommune
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 BERGEN

Vår ref. 12/531- 27
Jp.id. 16/9888

Saksh. Eva Wiberg
Tlf. 53671514

Arkiv
N - 258

Dato
30.09.2016

Rapport for Den kulturelle spaserstokken 2014/2015

Viser til tildeling for 2014 der Ullensvang herad mottok kr 60 000,- til Den kulturelle spaserstokken. Dei tildelte midlane skulle nyttast i perioden 01.01.15 til 31.12.15.

Heradet har i perioden omorganisert og ansvaret for den kulturelle spaserstokken har blitt flytta frå helse- og velferd til oppvekst- og kulturkontoret med verknad frå 01.09.2015. Oppgåvene for kulturkontoret har det tatt tid å få oversikt over. Det har ført til at oppvekst- og kulturkontoret i perioden etter overtakinga av ansvaret for Den kulturelle spaserstokken ikkje har vore merksam på midlane for 2015 og dei har difor ikkje blitt nytta.

Ved gjennomgang av rekneskapen for heile året ser det ut til at midlane frå den kulturelle spaserstokken ikkje er blitt nytta. Omsorgssektoren har nytta sine egne midlar til kulturelle tiltak for bebuarane på sjukeheimane og ikkje fått midlar frå den kulturelle spaserstokken. Det går difor ikkje fram av rekneskapen til heradet kva tiltak som kunne vore nytta innan den kulturelle spaserstokken for perioden 01.01.15-31.12.15.

I tildelingsbrevet frå dykk står det at midlar som ikkje vert nytta skal betalast tilbake til dykk. Me ynskjer, dersom det er mogleg, å få behalda midlane og nytta dei i 2016/2017. Dersom det ikkje er mogleg ber me om at de gjev tilbakemelding om korleis midlane skal betalast tilbake til dykk.

Med helsing
Ullensvang herad

Eva Wiberg
Rådgjever

Kopi til arkiv og kopibok